



10. september 2008

SKYSS ERKJENNER ENKELTE INNKØYRINGSVANSKAR FOR BUSSDRIFTA I SUNNHORDLAND

- Direktør Oddmund Sylta beklagar overfor dei kundane som har blitt råka. Problemet synes størst på Bømlo. Han gjev samstundes ros til sjåførane for måten dei har handtert desse utfordringane på. Tiltak er sett i verk for å betre situasjon.

Skyss har ansvar for drift av bussruteproduksjonen i Hordaland, herunder planlegging og marknadsføring av rutetilbodet. I Sunnhordland blir sjølve drifta utført av Concordia Bus Norge etter avtale med Skyss.

Sidan oppstart 1. juli har spesielt nokre av kundane i Bømlo kommune opplevd forseinkingar eller innstilte avgangar og manglande korrespondanse. Årsakene til desse vanskane er i hovudsak:

- Auka og endra produksjon i høve opphavlege planar, herunder meir skolekøyning enn planlagt.
- Pilotdrift av nytt billetteringssystem
- Mangel på sjåførar i marknaden – spesielt i det aktuelle området

Skyss har i samarbeid med sin operatør Concordia Bus Norge no sett i gong fleire tiltak for å betre situasjonen. Concordia Bus Norge har intensivert arbeidet med å rekruttere fleire sjåførar. Skyss arbeider vidare med betre tilpassing av rutetilbodet, spesielt i forhold til korrespondansar.

Skyss og Concordia har eit godt og konstruktivt samarbeid og meiner desse tiltaka vil betre situasjonen i Sunnhordland.

Kontaktpersonar:

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: 932 30 401 / 55 23 93 94

Geir Ledsten, adm. Dir. Concordia Bus Norge: 911 46 791